



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/14	Formannskapet	08.09.2014
78/14	Kommunestyret	25.09.2014

### Høyringsuttale regional plan for attraktive senter i Hordaland

#### Samandrag av saka:

**Planutkastet er oversiktlig og greitt strukturert med fem kapittel, der det innleiande gjer reie for overordna strategiar, utviklingstrekk og forslag til strukturelle endringar. Dei fire følgjande kapitla er via til ein diskusjon om utviklinga av sentra i høve til (1) attraktivitet, (2) tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod, (3) handel og kjøpesenter, og (4) transport. Alle kapitla rundast av med eigne retningslinjer og handlingsprogram.**

#### Innstilling:

Kommunestyret vedtek:

Fjell kommune slutter seg til hovudmål, strategiar og forslag til senterstruktur i planutkastet. Gjennomgåande er retninglinene for detaljert formulert. Utviklinga av areala i regionsentra skjer i dag i tråd med nasjonalt lovverk og vert forvalta av primærkommunane. Det er difor ikkje naudsynt med detaljerte retningslinjer frå fylkeskommunen. Handlingsprogramma er fokusert på organisering av samhandling/samarbeid og kunnskapsauke/undersøkingar, noko Fjell kommune ser behovet for og kan slutte seg til.

Straume, den 01.09.2014

Steinar Nesse  
Rådmann

Berit Karin Rystad  
Plan- og utbyggingssjef

**Handsama i Formannskapet - 08.09.2014:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 08.09.2014:**

Fjell kommune slutter seg til hovudmål, strategiar og forslag til senterstruktur i planutkastet. Gjennomgåande er retningslinene for detaljert formulert. Utviklinga av areala i regionsentra skjer i dag i tråd med nasjonalt lovverk og vert forvalta av primærkommunane. Det er difor ikkje naudsynt med detaljerte retningslinjer frå fylkeskommunen. Handlingsprogramma er fokusert på organisering av samhandling/samarbeid og kunnskapsauke/undersøkingar, noko Fjell kommune ser behovet for og kan slutte seg til.

### **Handsama i Kommunestyret - 25.09.2014:**

Tilråding gjort i formannskapet vart **samrøystes** vedteke.

### **Vedtak i Kommunestyret - 25.09.2014:**

Fjell kommune slutter seg til hovudmål, strategiar og forslag til senterstruktur i planutkastet. Gjennomgåande er retningslinene for detaljert formulert. Utviklinga av areala i regionsentra skjer i dag i tråd med nasjonalt lovverk og vert forvalta av primærkommunane. Det er difor ikkje naudsynt med detaljerte retningslinjer frå fylkeskommunen. Handlingsprogramma er fokusert på organisering av samhandling/samarbeid og kunnskapsauke/undersøkingar, noko Fjell kommune ser behovet for og kan slutte seg til.

### **Dokument vedlagt saka:**

Høyringsdokument:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/>

### **Saksopplysningar:**

Fjell kommune har motteke Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel med høyringsfrist 01.10.14.

### **Vurdering:**

Planutkastet er oversiktlig og greitt strukturert med fem kapittel, der det innleiande gjer reie for overordna strategiar, utviklingstrekk og forslag til strukturelle endringar. Dei fire følgjande kapitla er via til ein diskusjon om utviklinga av sentra i høve til (1) attraktivitet, (2) tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod, (3) handel og kjøpesenter, og (4) transport. Alle kapitla rundast av med eigne retningslinjer og handlingsprogram. Fjell kommune er nøgd med at planutkastet er oversiktlig og lettlest.

1. Hovudmål, strategiar og senterstruktur

Planutkastet følg opp den bærande målsettinga frå tidligare plan, om ei fleirkjerna (polysentrisk) senterutvikling i Hordaland. Prinsippa for ei slik organisering er tilstrekkeleg

gjort reie for på side sju i planutkastet. Fjell kommune vurderer det slik at dei seks nivåa som vert drøfta i planutkastet er uttømande og hensiktsmessige. Dei regionale sentra skal inngå som eige nivå i samfunnsorganiseringa i Hordaland, med ei klar arbeidsdeling og rolle i høve til dei andre nivåa. Kriterier for utveljing av regionsenter er gjort reie for på side åtte i planutkastet. Fjell kommune har ikkje innvendingar til desse kriteria, og ønskjer Kleppestø og Husnes velkommen som nye regionale senter. Fjell kommune er einig i dei retningslinene som ligg til grunn for forvaltninga og vil følgje desse opp i eigne planverk. Fjell kommune ser fram til fram til at analysen fylkeskommunen føreslår i handlingsprogrammet ligg føre, og blir gjort tilgjengelig for kommunen.

## 2. Attraktive sentrumsområde

Fjell kommune vurderer planskildringa som tilstrekkeleg. Når det gjeld retningslinjene, og då særskilt retningslinene for arealbruk, ser ikkje Fjell kommune at det er naudsynt med ein slik detaljgrad som ein legg opp til i planutkastet. Fjell kommune meiner dette høyrar heime i detaljplanlegginga hjå den einskilde kommune. I den grad fylkeskommunen ønskjer å drive påverknad av senterutviklinga i kommunen, kan ein gjere det gjennom å presentere gode døme og kome med grunnjevne anbefalingar basert på kunnskap om utfordringane i dei konkrete kommunane/sentra. Handlingsprogrammet står på den andre sida fram som offensivt og framtidsretta, og Fjell kommune er godt nøgt med dei tiltaka som føreligg der.

## 3. Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod

Fjell kommune er einig i konklusjonane til planskildringa, men meiner at konklusjonane kjem for dårleg til uttrykk i forslaget til prinsipp for lokalisering av dei nye besøksintensive offentlege tenestene. Særskilt bør funksjonsdelinga mellom regionsenter og kommunesenter tydeleggjerast og eventuelle unnatak grunnjevast. Fjell kommune sluttar seg til handlingsprogrammet.

## 4. Handel og kjøpesenter

Fjell kommune vurderer planskildringa som tilstrekkeleg. I høve til pkt. 4.3 verkar detaljnivået for omfangsrikt og teksten dels uferdig. Fjell kommune meiner dei fleste punkta i dette forslaget skal drøftast i kommuneplanen sin arealdel og ikkje i ein regional plan. I den grad fylkje vurderer det som naudsynt å komme med råd og anbefalingar knytt til arealbruk bør dette kome til uttrykk i regionale forventningar til planlegginga i kommunane. Fjell kommune sluttar seg til handlingsprogrammet.

## 5. Transport

Fjell kommune vurderer planskildringa som tilstrekkelig. Retningslinene i pkt. 5.3 er i det vesentlige formulert i tråd med regionale og nasjonale klima- og miljømål. Fjell kommune meiner at fylkeskommunen også her formulerer retningslinene for detaljert, og at diskusjonar på eit slikt nivå bør takast på kommunenivået. Fjell kommune sluttar seg til handlingsprogrammet.

## Avsluttande merknader

Fjell kommune sluttar seg til hovudmål, strategiar og forslag til senterstruktur i planutkastet. Planen er godt strukturert og innhaldet lett tilgjengeleg. Gjennomgåande er retningslinene for detaljert formulert. Utviklinga av areala i regionsentra skjer i dag i tråd med nasjonalt lovverk og vert forvalta av primærkommunane. Det er difor ikkje naudsynt med detaljerte retningslinjer frå fylkeskommunen. Behova av regional karakter kan i denne samanheng formulerast i regionale forventningar knytt til planlegginga i kommunane. Handlingsprogramma er fokusert på organisering av samhandling/samarbeid og kunnskapsauke/undersøkingar, noko Fjell kommune ser behovet for og kan slutte seg til.